
Saksnr: 2020/35781-5
Saksbehandlar Bente Utne
Dato: 14.12.2020

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Statusmelding til kontrollutvalet per desember 2020 - Fv. 567 Hosanger sentrum

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sitt møte 12.10.2020 i PS 88/20 Evaluering av omlegging av fv. 567 gjennom Hosanger:

Vedtak

- 1. Kontrollutvalet har merka seg at denne saka har teke uforholdsmessig lang tid utan at ein har klart å få til ei løysing, jf. at saka starta opp i mai 2019.*
- 2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg statusrapportering når det gjeld vidare oppfølging av det som gjeld gråsteinsmuren, til første møte i utvalet i 2021, med frist for levering til sekretariatet innan 15.01.2021.*

Avdeling Infrastrutur og veg - Utbygging Bergensområdet i seksjon for planlegging og utbygging melder om følgjande status den 17.12.2020:

Planlagt framdrift: Det var tilbudsbefering den 12.12.2020. Frist for innlevering av tilbod er sett til medio januar 2021. Frist for ferdigstilling er i løpet av mai 2021.

Byggherrekalkyle: På grunn av arbeidet sin art er det større usikkerheit til denne kalkylen enn det vanlegvis er. Vi vil vita meir om dette når tilboda kjem inn.

Arbeidsomfang:

- Førebuande arbeid og oppjekking av to naust inkludert avstiving av bygg og alt av sikringsarbeid. Entreprenøren skal sjølv vurdere jekkevekt på nausta.
- Fjerning av eksisterande grunnmur av betongstein, og klargjering for etablering av gråsteinsmur i tørrmurt utføring.
- Etablering grunnmur av gråsteinsmur i tørrmurt utføring på to naust. Utføringa av muren skal stå i stil med nausta og naustmiljøet i området.
- Nedjekking av naust.
- Avsluttande arbeid som generell opprydding og fjerning av midlertidig avstiving, etc.